

ÅRSMELDING

Stiftinga Krisesenteret i Sogn og Fjordane

20
23



Krisesenteret
i Sogn og Fjordane

www.kriesenteret.sf.no



INNHOLD

4	Styreleiar har ordet
5	<i>Kapittel 1.</i> Krisesenteret i Sogn og Fjordane sitt tilbod
9	<i>Kapittel 2.</i> Overgangsbustader
10	<i>Kapittel 3.</i> Lokalitetar og tryggingstiltak
11	<i>Kapittel 4.</i> Nøkkeltal for 2023
13	<i>Kapittel 5.</i> Organisasjon
16	<i>Kapittel 6.</i> Drift og økonomi
17	<i>Kapittel 7.</i> Rekneskap og revisjonsmelding 2023
19	<i>Kapittel 8.</i> Dagleg leiar sine betraktingar for 2023 og vegen vidare
20	<i>Kapittel 9.</i> Vedlegg



Styreleiar har ordet

Neste år har Krisesenteret i Sogn og Fjordane eksistert i 40 år. I like mange år har senteret dokumentert det sørgelege faktum at kvinner og barn har vort nøydde til å flykte for livet frå ein despot i heimen sin, ein despot som skulle vere deira riddar i skinande rustning, og som ville gitt dei tryggleik og kjærleik. Vi trudde ved oppstarten og i åra etter, at når historiene og informasjonen om det skammelege som skjedde i mange heimar nådde ut til befolkninga og politikarar, ville kunnskapen bidra til å snu trenden. Men som det vert sagt: *Du ser det ikkje før du trur det*, og denne verkelegheita var for mange for skremmende å ta inn over seg. I staden ser vi at valden har eskalert og blitt grovare og meir omfattande. Mange kvinner og barna deira, lever på hemmeleg adresse, noko som er svært belastande for både barn og vaksne. I tillegg ser vi at drapsstatistikkar aukar, sjølv om ofra ofte har bede om skydd frå politiet i tida før dei er blitt drepne. Vi undrar oss over valdsutøvar sin grunngjeving for trongen til å skade og endå til drepe kjæraste, ektefelle og/eller barn, men angst for å miste kontroll over den andre, er ofte utgangspunktet. Omgrepet «æresrap» blir også nytta, men å knyte omgrepet «ære» til handlingar som er langt frå å være ærbare, er skammeleg, og gjev karakteristikkar på valdsutøvaren som ein stakkarsleg og mindre begåva person. Likevel stoppar det ikkje, og Krisesenteret held fram med å ta imot hjelpesökande.

Allereie i 2012 slo Verdsbanken fast at «vold mot kvinner utgjør en global helsetrussel på linje med HIV/AIDS og kreft», og dei oppgav kostnadene på verdsbasis i enorme summar. I Noreg dokumenterte Vista analyse (2012/41) dei «samfunnsøkonomiske kostnadene av vold i nære relasjoner» til 4,5-6 milliardar kroner i året. Inkludert i denne summen ligg offentlege kostnader til politiarbeid, rettsaker, krisesentera, barnevern, helsearbeid, tannlækjar, og andre offentlege instansar. Fysiske og psykiske konsekvensar for kvinner med tanke på manglande aktiv deltaking i samfunnet, er også inkludert i summen, noko som er eit direkte hinder for den økonomiske, politiske, samfunnsmessige og demokratiske utviklinga i eit samfunn.

Då dei fyrste rekneskapane over kostnadane av vold i nære relasjoner blei avdekka, tenkte vi at dette er eit språk som politikarar og befolkninga forstår, og at no blir

det nok ein endring til det betre. I staden blei det ein offentleg diskusjon om signifikansen av tala, og det vart sådd tvil om metodane var i stand til å måle dette. At det er vanskeleg å måle, kan vi einast om, men når Menon Economics 11 år seinare leverte sin rapport til Justis og beredskapsdepartementet (Menon publikasjon 15/2023) med utredningane om dei årlege samfunnsøkonomiske konsekvensane av vold i nære relasjoner, kan tala nesten ta pusten frå ein. Rapporten erkjenner utfordringane ved å kunne dokumentere dei samfunnsøkonomiske konsekvensane heilt korrekt, men anslår at kostnadane utgjorde 92,7 milliardar kroner for 2021. Dette er et sprik på 87 milliardar frå 2012! Dette enorme talet bør føre til at diskusjonen om talenes tale bør stilne og føre til konkret handling.

Analysane er bakgrunnen for *Opptrappingsplan mot vold og overgrep mot barn og vold i nære relasjoner (2024-2028)*, som blei lagt fram i årsskiftet 2023-2024. Det er vel og bra med planar, men få kommunar har slike handlingsplanar i sitt verktøysskrin. Det vert heller ikkje lagt opp til frå statleg hald til å pålegge kommunane dette. Styret sluttar seg til kritikken frå vår daglege leiar som peiker på at det heller ikkje blir tatt tilstrekkelege grep for å styrke krisesentertilbodet. Vi ser likevel innføringa av politiet sin moglegheit til å pålegge valdsutøvar valdsalarm som kan hindre at vedkommande oppsøker offeret, som et viktig forebyggande tiltak.

Styret i Krisesenteret takker alle som har bidratt positivt til vår virksomhet i 2023. Utan denne støtta ville vi hatt store problem med å klare drifta, med tanke på rentehavingar og dyrtid. Takk også til våre kompetente tilsette med sine store hjerter og kalde hjerner. Dei held stand for å møte menneske som treng skydd frå ondskapen som har infisert heimane deira.

Venleg helsing,



Siv Førde

Styreleiar i Stiftinga Krisesenteret i Sogn og Fjordane



1 Krisesenteret i Sogn og Fjordane sitt tilbod

Stiftinga Krisesenteret i Sogn og Fjordane har drift som er organisert i eit interkommunalt samarbeid etter administrativ vertskommunemodell (Kommunelova 28 a). Kinn Kommune er vertskommune og 17 kommunar i tidlegare Sogn og Fjordane deltar i samarbeidet.

Kriesentertilboden er eit lågterskeltilbod, som er tilgjengeleg heile døgnet, alle dagar, og inneholder:

- Telefonvakt, informasjon, råd, og rettleiing knytt til vald i nære relasjonar.
- Kartlegging av situasjonen og vurdering av trusselbildet og tryggleik.
- Butilbod for valdsutsette vaksne og barna deira, vern og tryggleik så lenge det er naudsynt.
- Dagtilbod med samtaletilbod, informasjon, råd, rettleiing om ein ikkje har behov for å komme og bu på Krisesenteret, men likevel ynskjer hjelp.
- Støtte og hjelp i kontakt med andre instansar, som helsevesen, politi, NAV, familiekontor og andre.
- Oppfølging i re-estableringsfasa, til dømes hjelp til å finne bustad, råd og rettleiing, praktisk hjelp, heimebesøk, delta i ansvarsgruppe ved behov, og anna.
- Rådgiving frå advokatar som er knytt til Krisesenteret si rettshjelpsordning.
- Eige team som jobbar direkte med tiltak til barna på Krisesenteret ut i frå kvart enkelt barn sitt behov.
- Informasjon, opplæring og undervisning om vald i nære relasjonar til andre hjelpeinstansar, skular og liknande, kontakt med media.



Butilbodet

Butilbodet er eit beskytta og midlertidig tilbod til vaksne og borna deira i akutt krise grunna vald i nære relasjonar. Tilbodet er gratis, også mat. Eit opphold på Krisesenteret inneberer at ein får eit eige rom med bad, og tek del i eit bufellesskap med felles kjøkken og stover. Krisesenteret har særleg kompetanse på å gi vern, tryggleik, råd og rettleiing til valdsutsette menneske. I samarbeid med bebuaren vert det etter innkomst utført kartlegging av situasjonen, og tiltak vert sett i verk så snart som mogleg. I følge krisesenterlova skal tilbodet til menn ikkje vere samlokalisert med tilbodet til kvinner. Butilbodet til menn er i eit anna hus der personalet på Krisesenteret er tilgjengeleg heile døgnet. Butida på Krisesenteret vert tilpassa brukarane sine individuelle behov, men målsettinga er at opphaldet ikkje skal vere lengre enn 3 månader. Nokre vert likevel buande på senteret lenger grunna stort behov for vern og tryggleik.

Dagtilbodet

Det er mogleg å oppsøke Krisesenteret for samtaletilbod, informasjon om rettar, støtte, praktisk hjelp, kontakt med andre hjelpestilbod, råd og rettleiing utan å bu her. Dette gjeld òg personar som har behov for oppfylging i re-estableringsfasen. Krisesenteret har også moglegheit til å reise ut til dagbrukarar for å ha samtale der ein oppheld seg.

Likeverdige tenester

Alle menneske har krav på eit likt tilbod, hjelp og beskyttelse. Krisesenter-tilbodet er tilgjengeleg for alle som er utsett for vald i nære relasjonar.

Tilbodet er tilpassa brukarar med funksjonsnedsettingar. Avhengigheit til andre menneske aukar sårbarheita for vald og overgrep. Det blir vanskeleg å komme seg ut av forholdet dersom ein er avhengig av dagleg stell og hjelp av den som er valdsutøvar. Risikoene aukar med graden av funksjonsevne og behovet for hjelp. Personar med funksjonsvariasjonar opplever overgrep like ofte som andre, men dei lever med valden over lengre tid. Dei kan også oppleve grove overgrep i form av å bli nekta hjelpemiddel, mat, medisinar og naudsynte helsetenester. Mange har låg inntekt og svak økonomi, og kan i tillegg være redd for å miste sitt sosiale



nettverk. Krisesentertilboden samarbeider med omsorgstenesta i kommunane.


Menneske med annan etnisk bakgrunn treng ofte meir oppfølging under opphold på senteret og etter re-establering. Mangel på familie og nettverk, språkproblem, lite kunnskap om det norske samfunnet og korleis hjelpeordningar fungerer, er nokre av årsakene til dette. Krisesenteret nyttar autorisert tolk i individuelt oppfølgingsarbeid. Bufellesskapet vert organisert og planlagt med takhøgde for ulike behov i høve mat, tradisjonar og liknande.

Menneske med rusproblem eller psykiske lidingar har òg rett til eit krisesentertilbod. Frekvensen av vald er høg blant menneske i desse gruppene. Krisesentera skal ha eit skjerma butilbod til valdsutsette med utfordrande rus eller sjukdomsrelatert åtferd. I dag er lokalitetane slik at Krisesenteret i Sogn og Fjordane ikkje i alle tilfelle kan gje eit skjerma butilbod til denne gruppa. Det vert vurdert i kvar enkelt tilfelle om personen kan integrererast i bufellesskapet. Dersom dette ikkje er mogleg må kommunen syte for eit høveleg butilbod, og Krisesenteret kan yte hjelp og støtte i høve valdsproblematikken. Eit godt samarbeid med andre instansar er heilt avgjerande for å kunne gje denne gruppa eit likeverdig og godt tilbod.

Barna på Krisesenteret og barnefagleg arbeid hos oss

Barnefagleg team har ansvaret for oppfølging av barna på Krisesenteret, og syt for at behova deira vert ivareteke. Barnefagleg ansvarleg gjennomfører kartlegging, risikovurdering og utarbeider tryggleiksplan for barna. Krisesenteret samarbeider med skule, barnehage og hjelpeapparatet elles. Tiltak i høve barna skjer alltid i samråd med den føresette som dei kjem til senteret saman med. Barnefagleg team utarbeidar aktivitetsplanar, og legg til rette for gode aktivitetar under opphaldet. Så langt det er mogleg legg Krisesenteret til rette for at barna kan halde fram med sine vanlege aktivitetar.

Under opphold som varer lenger enn 1-2 veker går barna på skule i Florø. Når det er kortare opphold, og familien skal tilbake til heimkommunen, går dei ikkje på skule, men det vert lagt til rette for skullearbeid i samråd med heimkommunen. Alle tilsette får barnefagleg rettleiing og har kunnskap og innsikt i korleis vald i familien påverkar barna. Barn har si eiga oppleving av





situasjonen, og skal også få høve til å snakke om dette og få svar på spørsmåla sine. Dei tilsette har stort fokus på å trygge barna og syte for at dei blir sett, høyrt og teke vare på.

Aktivitetar på Krisesenteret

I 2023 har vi hatt mange hyggelege og fine aktivitetar for både små og store. Vi samarbeider med aktørar som fokuserer på fritidsaktivitetar som mellom anna Frivilligentralen i Kinn, handballgruppa og fotballgruppa i Florø.

Kriesenteret har motteke midlar frå Gjensidigestiftinga til både sommar og juleaksjonen i 2023. Vi har òg motteke gåver frå privatpersonar, lag og organisasjonar. Dette har bidrege til at vi har kjøpt inn utstyr og gåver, for å legge betre til rette for positive og hyggelege tiltak for barn og unge. Vi har gått på kino, teater, hatt juleverkstad, badeturar, hyggelege bursdagsfeiringar, julefeiring, bingo, formingsaktivitet, filmkveldar og turar i nærområdet. Årskort i symjehallen og på treningssenter kan alle bebuarar nytte gratis.

Rettshjelpstilbod

Gjennom Statens Sivilrettsforvaltning fekk Krisesenteret i Sogn og Fjordane kr 200.000,- i tilskot til rettshjelpstiltak. Senteret nyttar faste advokatar som gjev gratis juridisk rettleiing og rådgjeving.

I 2023 fekk 11 personar advokatbistand gjennom denne ordninga. Mange hadde ikkje hadde hatt moglegheit til å bruke advokat utan dette tilboden. Sakene handlar i all hovudsak om barnefordeling, buoppgjer, opphold i Norge, valdsofferstatning og strafferett.

2. Overgangsbustader

Sidan hausten 2019 har overgangsbustadane for vanskelegstilte på bustadmarknaden vore i bruk. Bustadane er ikkje del av Krisesenteret sin leveranse til kommunane. Bygget vert finansiert av lån gjennom Husbanken og skal betalast med husleigeinntekter, og eit eventuelt overskot skal, i tråd med Stiftingslova, gå til stiftinga sitt føremål.

Satsinga på overgangsbustadar er i samsvar med nasjonale føringer for bustadsosialt arbeid (Alle trenger et trygt hjem, Nasjonal strategi for den sosiale boligpolitikken (2022-2024)). Føremålet med overgangsbustadane er å gje brukarar som har behov for ettervern og oppfylging over lengre tid ein nærleik til Krisesenteret. Det er totalt 9 bustadar, 4 med 1 soverom, og 5 med 2 soverom. Bebuarane er alle i målgruppa og erfaring har vist at mange av dei har stor nytte av nærleik til Krisesenteret. Fleire av bebuarane har i perioden flytta vidare til andre bustadar. Dette er i tråd med føremålet der ein ynskjer å gi brukarar med behov for det, ein ekstra tryggleik i ein overgangsperiode.



3. Lokalitetar og tryggingstiltak

Krisesenteret har universell utforming og er eit funksjonelt bygg både for bebuarar og personalet. Huset har 7 rom med totalt 18 sengeplassar. Krisesenteret sitt tilbod til menn er lokalisert i leilegheit med eigen inngang.

Krisesenteret har god fysisk sikring med tryggleikstiltak som:

- Videoovervaking rundt heile huset, ved porten og inngangsdøra
- Tilkomstkontroll for både gåande og køyrande ved porten
- Inngjerding rundt heile eigedommen som skjermar mot innsyn frå gateplan og naboor
- Oversiktleg, men skjerma uteområde for barn
- Brannvarslingssystem
- Tryggleiksalarm
- Rørslesensorar
- Skallsikring

Det er utarbeidd interne rutinar og prosedyrer i høve tryggleik, med sjekklistar for jamleg kontroll av dører, låser, vindauge, elektriske apparat og brannvarslingsutstyr. Alle tilsette får opplæring i tryggleiksrutinar.




4 Nøkkeltal for 2023

Bebuarar

I perioden 2011 t.o.m. 2023 har vi til saman hatt 1 196 bebuarar på Krisesenteret i til saman 41 591 døgn. 600 kvinner, 34 menn og 562 barn.

- 70 personar hadde opphold på Krisesenteret i 2023.
- Av dei 35 kvinner, 33 barn og 2 menn.
- Dei budde på senteret i til saman 2 555 døgn.
- 67% av bebuarane hadde sitt første opphold på eit kriesenter.
- 63 % av bebuarane og 41,4% av voldsutøverane i 2023 hadde foreldre som var fødd i andre land enn Norge.
- 8 % av bebuarane som hadde opphold på senteret var ikkje knytt til ein av samarbeidskommunane.
- Om lag 46 % av brukarane i 2023 kom til Krisesenteret gjennom det offentlege hjelpeapparatet.
- 74% fortel at dei kjem til Krisesenteret grunna vald frå ektefelle/sambuar/kjæreste eller eks.
- 67% av bebuarane hadde med seg born til Krisesenteret.
- Alder frå 18 til 72 år for vaksne og barn frå 0 til 18 år.
- 91% rapporterer om psykisk vald, 71% fysisk vald, 24% seksuell vald, 59% truslar om drap eller skade.
- 47% medler om at vald har pågått i 5 år eller meir.
- 44% ønskte å anmeldre
- 15 % er ilagt kontakt og besøksforbud.

Utvikling	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Bebuarar kvinner	42	37	44	48	30	33	35
Bebuarar menn	4	3	3	2	3	1	2
Bebuarar barn	37	24	41	43	42	50	33
Bebuarar totalt	83	64	88	93	75	84	70
Tal døgn	2 895	3 361	3 812	1 991	1 568	3 966	2 555
Dagsbesøk/einesamtale på telefon	259	377	471	918	697	519	526



Gjennomsnitt overnattingsdøgn i 2023


Kvinner: 42 døgn

Menn: 44 døgn

Barn: 33 døgn

menn kvinner barn

TAL DØGN




Dagbesøk fra 2011 til og med 2023

Kvinner: 5470

Menn: 218

menn Kvinner

DAGSBESØK



5 Organisasjon

Styret for Stiftinga har representantar med brei og solid kompetanse, og har eit sterkt engasjement for organisasjonen og Krisesenteret sitt arbeid. Styremedlemmar vert vald for 2 år om gongen. Leiar og nestleiar vert vald av styret for 1 år om gongen. Styret hadde sju møter i 2023.

Styreleiar	Siv Førde Refsnes	Florø	Pensjonert førstelektor i helsefag ved HVL
Nestleiar	Emma Bjørnsen	Florø	Sosiolog
Styremedlem	Synne Catrin Øren	Høyanger	Advokat
Styremedlem	Ninja Tolo Ness	Florø	HR-leiar
Styremedlem	Kristin Orre	Florø	Tilsettrepresentant – Miljøterapeut
Første varamedlem	Doris Christensen	Florø	Miljøterapeut
Andre varamedlem	Morgan Stavøstrand	Florø	Tilsett på asylmottaket i Florø
Vara for tilsett repr.	Mona S. Sundal	Florø	Barnevernspedagog

Krisesentersekretariatet

Krisesenteret i Sogn og Fjordane er medlem i Krisesentersekretariatet. I 2023 hadde Krisesentersekretariatet 20 medlemssenter og arbeider samfunnspolitisk og fagleg i høve menneske som er utsett for vald i nære relasjoner. Sekretariatet er eit bindeledd mellom krisesentera og offentleg mynde, politiske organ, kvinneorganisasjonar, forskingsmiljø, studentar og samfunnet elles. Krisesentersekretariatet har opprettet etisk råd som bidreg til å sikre høg etisk bevisstheit blant medlemmane i organisasjonen.

Samarbeidsutvalet

For at kommunane skal ha fortløpende kunnskap om korleis senteret oppfyller krava til krisesenterlova vart det i 2012 opprettet eit samarbeidsutval med representantar frå Nordfjord, Sogn, Sunnfjord og vertskommunen Kinn. Utvalet har to møter årleg.

Samarbeidsutvalet hadde fylgjande medlemmar i 2023:

Norunn Stavø, Kinn kommune
Kurt Even Andersen, Sunnfjord kommune
Gunn Lærøy, Lærdal kommune
Randi Ytrehus, Bremanger kommune
Kjersti Valvik, Hafs

Ragnhild Holm, Kinn kommune, er sekretær for utvalet. Dagleg leiar på Krisesenteret har møte og uttalerett i samarbeidsutvalet, og har rapportert og informert om drifta på senteret etter avtale med vertskommunen.

Tilsyn

I 2023 hadde vertskommune tilsyn fra Statsforvaltar i høve oppfølging av barn og unge på Krisesenteret, og kommunen sin kontroll med kriesentertilbodet. Krisesenteret deltok i prosessen med rapportering saman med vertskommune. Det vart ingen pålegg frå Statsforvaltar etter tilsynet.

Tilsette

I 2023 hadde Krisesenteret i Sogn og Fjordane 9,7 årsverk fordelt på 12 tilsette. Alle tilsette med unntak av dagleg leiar, fagansvarleg og barnefagleg ansvarleg har 3 delt turnus. Krisesenteret har overeinskomst med Fag forbundet og Utdannings forbundet. I 2023 hadde Krisesenteret 1,5 % legemeldt sjukefråvær.

Dei tilsette skal ha kompetanse til å ta vare på dei særskilte behova til brukarane, jfr. Krisesenterlova §2 Krav til kriesentertilbodet. Dei tilsette på senteret har lang erfaring og brei relevant real- og formalkompetanse. Dei har fagleg kompetanse, og innsikt i, valdsutsette sin livssituasjon, deira emosjonelle, psykiske, fysiske og sosiale reaksjonar og behov. Opplæring som vert gitt er obligatorisk.

Personalgruppa er tverrfagleg samansett av:

- Barnevernspedagog
- Sjukepleiarar
- Sosionomar
- Førskulelærarar
- Barne og ungdomsarbeidar
- Utviklingspsykologi hos barn og unge og sosial kompetansetrening
- Krisesenterutdanninga i regi av RVTS

Fleire tilsette har videreutdanningar, mellom anna:

- Administrasjon og leiing
- Valdsofferarbeid
- Psykososialt arbeid med barn og unge
- Sosiologi

- Psykisk helsearbeid
- Seksuelt misbruk
- ICDP-utdanning (International Child Development Programme)
- COS-p

Ordningar for tilsette

- Bedriftshelseteneste (Bedriftshelse 1)
- Pensjonsordning i KLP
- Yrkesskadeforsikring
- Personalmøte 2 timer kvar 3. veke
- Fagleg utvikling, kurs og konferansar
- Tilbod om ekstern, individuell rettleiing ved behov
- Rettleiing i gruppe månadleg
- Medarbeidarsamtale årleg
- 1 personalseminar årleg, over 2 dager
- Det er utarbeidd stillingsinstruksar for alle stillingar

Teieplikt, plikt til å avverge og opplysningsplikt

Alle tilsette på Krisesenteret har teieplikt og avverjeplikt. Alle som tek kontakt på telefon har rett til å vere anonyme om dei ynskjer det. Personvernet for brukarane på Krisesenteret er avgjerande med tanke på behovet for vern. Krisesenteret sine tilsette har likevel meldeplikt etter lov om barnevern §6-4, 4. ledd. Som tenesteytar og offentleg tilsett har ein plikt til å hindre at vald og overgrep skjer. Alle har i følgje straffeloven, plikt til å avverje, det vil sei, hindre, at alvorlege straffbare handlingar skjer.

Fagutvikling

Krisesenteret har som mål å sikre profesjonalitet og optimal utnytting av disponibele ressursar, og legge til rette for fagleg utvikling. Dei tilsette skal ha jamleg rettleiing for å kunne handtere dei spesielle utfordringane som arbeidet på Krisesenteret gir. God kvalitet på tenestene krev god kunnskap om dei ulike målgruppene og kva som trengs for å ivareta deira spesielle

behov. Med aukande kompetansekrav og skiftande samfunnstilhøve skal senteret sine tilsette halde seg oppdaterte.

Prosjekt

I 2023 har Krisesenteret fått tilskot i forhold til spesielle rettshjelpstiltak. Krisesenteret har og motteke midlar til aktivitet og utstyr for barn og unge, i samband med Gjensidigestiftinga sin sommar- og jule/vinteraksjon. Krisesenteret har motteke midlar i prosjekt "Kjøkkenkultur - Mat for meistring: det samskapte måltid" til tiltak og aktivitetar frå Sparebankstiftelsen DNB.

Kurs/utdanning i 2023

Tilsette på Krisesenteret har delteke på ulike konferansar og arenaer.

- Den årlege nasjonale Krisesenterkonferansen i regi av RVTS med tema barn og unge på krisesenter.
- Vertskommune Kinn sin temadag om vald i nære relasjoner.
- Krisesentersekretariatet sin fagdag.
- Avslutta sertifisering i ICDP for nytilsett i regi av Bufetat.
- Rettleiing for personalgruppa ein gong i månaden.
- 2 dagars personalseminar der vi i år deltok på Septemberkonferansen digitalt. Denne handla i 2023 om korleis traumeerfaringar i frå krig pregar menneske og korleis vi kan hjelpe.
- Rosa konferansen som omhandlar bistand til menneske utsett for menneskehandel.
- Tilsett har starta på vidareutdanning i psykososialt arbeid med barn og unge.

Helse, Miljø og Tryggleik

Krisesenteret har internkontroll i samsvar med lover og forskrifter. Utøving av internkontroll vert gjort i samarbeid med arbeidstakarane, verneombod og tillitsvald. Internkontrollen vert overvaka og gjennomgått jamleg for å sikre at den fungerer i samsvar med målsettinga. Krisesenteret har etablert

internkontroll i samsvar med Personopplysningslova §14. Internkontroll / HMS-arbeidet ved Krisesenteret er i samsvar med lover og forskrifter som gjeld for verksemda. Verksemda har systematisk HMS-arbeid med HMS-aktivitetar og system for avviksregistrering.

Krisesenteret tilfredsstiller alle krav når det gjeld bygnings- og utstyrsmessige tilhøve, inneklima, lystilhøve, støy og liknande, ut frå arbeidstakarane si helse, miljø, tryggleik og velferd (§4-4 i Arbeidsmiljølova).

I samsvar med ny personvernlovgiving har Krisesenteret utarbeidd personopplysingserklæring. Denne handlar om korleis vi handsamar personopplysingar på senteret. Erklæringa er publisert på heimesida vår:
www.kriesenteret.sf.no

Krisesenteret si heimeside www.kriesenteret.sf.no gir informasjon om tilbodet. Brosjyrar vert sendt ut til alle kommunar og lagt ut på offentlege stader, venterom og liknande. Krisesenteret har også ei facebookside med informasjon om vald i nære relasjoner, krisesentertilbodet, og om relevante politiske saker. Vi har i år hatt innlegg og undervisning for organisasjonar, ulike hjelpeinstansar, politiske møte, skular, med fleire, med informasjon om kva konsekvensar vald kan få både for vaksne og barn, samt dei samfunnsmessige konsekvensane.

Det er vesentleg å ha eit godt samarbeid med andre instansar, og vi har i 2023 hatt jamlege møte eller telefondialog med asylmottaket, NAV, politi, barneværn, familievernkontor, helsestasjon, psykiatritenesta, KURS, UDI, advokatar, barnehuset, helse- og omsorgstenesta, skular, barnehagar, overgrepsmottak, sjukehus, Stine Sofies Stiftelse og NOK. I 2023 hadde to sjukepleiarstudentar og ein student som tok vidareutdanning innanfor emnet psykisk sjukdom og rus praksisplass på krisesenteret.

6. Drift og økonomi

Finansiering

Statstilskotet til kriesenterdrift vert innlemma i rammetilskotet til kommunane. Kriesenteret sitt budsjett i 2023 var på kr. 10 484 005,-. Summen vart delt på alle samarbeidskommunane etter ein finansieringsmodell basert på demografi og folketal.

Rekneskap og revisjon

Rekneskapsfirmaet Solvens AS fører rekneskapet for Stiftinga og Vestland Revisjon KO har revisjonen.

Gåver

Kriesenteret i Sogn og Fjordane fekk i 2023 pengegåver på til saman kr. 60.784,- frå lag og organisasjonar, bedrifter og privatpersonar. Pengane vert brukte til innkjøp av gåver leikar og utstyr og aktivitetar. I tillegg har vi motteke gåver i form av leikar, kle, utstyr, møblar, julegodt, julegåver og toalettmapper.

Vi vil rette ei stor takk til alle som gitt gåver til senteret. Det har vore til stor glede og nytte for både barn og vaksne. Folk i Sogn og Fjordane har i alle år vist eit fantastisk engasjement og givarglede for Kriesenteret og brukarane. Omtanke, støtte og solidaritet frå medmenneske betyr mykje når ein er i ein vanskeleg livssituasjon.



7

Rekneskap og revisjonsmelding 2023

Verksemda

Stiftinga Krisesenteret i Sogn og Fjordane har som føremål å bistå menneske som har vore utsette for vald i nære relasjoner, drive haldningsskapande arbeid ved å synleggjere og skape debatt om den private valden. Stiftinga er ein politisk og religiøs nøytral organisasjon, lokalisert i Kinn kommune.

Organisering

Kriesenteret i Sogn og Fjordane er organisert i eit interkommunalt samarbeid etter ein administrativ vertskommunemodell (Kommunelova 28 a) der Kinn Kommune er vertskommune. 17 kommunar i tidlegare Sogn og Fjordane har delteke i samarbeidet.

Finansiering

Samarbeidskommunane i Sogn og Fjordane finansierer drifta av Krisesenteret. Statstilskotet til kriesenterdrift går inn i rammetilskotet til kommunane. Kommunetilskotet for 2023 var på kr. 10 480 005,-.

Driftsinntektene for 2023 vart såleis på kr. 10 480 005,- mot kr. 9 965 784,- for året 2022. Grunnlaget for budsjettauken frå år 2022 til 2023 er prisstigning.

Kriesenteret fekk i 2023 fylgjande prosjekttilskot:

- Frå Sparebankstiftinga DNB fekk vi kr. 71.000,- til kjøkkenKultur – mat for meistring.
- Frå Gjensidigestifelsen søkte vi midler til sommeraksjon 2023 og fekk tildelt kr. 76.190,- og kr. 71.000,-.
- Frå Statens Sivilrettsforvaltning fekk vi kr. 204.281,- i rettshjelpstilskot

Statistikk

I 2023 har det vore til saman 70 bebuarar på Krisesenteret, 35 kvinner, 33 barn og 2 menn. Krisesenteret hadde også 526 dagbesøk og einesamtaler på telefon, av menneske som trengde hjelp, men som ikkje hadde behov for butilbodet.

Lokale

Kriesenterhuset som vart bygd i 2011, har 20 sengeplassar for kvinner og barn. Butilbodet for menn er lokalisert i eit anna bygg, fordi tilbodet til menn ikkje skal være samlokalisert med tilbodet til kvinner (jfr. Krisesenterlova 2010).

Overgangsbustader

Eit bygg med 9 overgangsleilegheiter vart ferdigstilt i august 2019. Desse leilegheitene kan leigast av vanskelegstilte i Krisesenteret si målgruppe. Drifta av dette bygget er utanfor stiftinga si leveranse til kommunane. Husleigeinntekter skal dekke kostnadane. Eit eventuelt overskot av utleiebygget skal gå til stiftinga sitt føremål.

Vidare drift

Styret meiner at den framlagde rekneskapen gir eit rettvisande bilet av Stiftinga si verksemd og at det er riktig å legge føresetnader for vidare drift av Krisesenteret til grunn ved framlegging av årsrekneskapen. Krisesenteret er organisert som eit interkommunalt samarbeid etter ein administrativ vertskommunemodell. Kinn kommune kjøper dei kommunalt lovpålagde kriesenterenestene frå Stiftinga Krisesenteret i Sogn og Fjordane. Dei andre kommunane i fylket kjøper tenestene frå Kinn Kommune. Stiftinga har ei kontrakt med vertskommunen som gjeld så lenge ingen av partane seier den opp. Det er ei gjensidig oppseiingsfrist på 1 år. Drifta frå år til år har vore på same nivå, med deflatoruke.

Arbeidsmiljø

Styret ser arbeidsmiljøet i Stiftinga som godt. Tilsette i verksemda har ikke vore utsette for skader eller ulykker i samband med arbeidet. Sjukefråveret har vore 1,5% i 2023.

Likestilling

Verksemda hadde i 2023 12 tilsette, 12 kvinner fordelt på 9,8 årsverk. Styret er samansett av 5 personar, der alle 5 er kvinner. Styret er ikkje kjend med at verksemda driv i strid med vilkåra i likestillingslova.

Ytre miljø

Verksemda forureinar ikkje det ytre miljøet.

Andre tilhøve

Styret kjenner ikkje til forhold som er viktige for å vurdere Stiftinga si stilling og resultat som ikkje kjem fram av rekneskapen og balansen med notar. Det er heller ikkje på slutten av rekneskapsåret skjedd forhold som etter styret sitt syn er viktig for vurdering av rekneskapen.

Rekneskapsresultat

Resultat driftsåret 2023:

Driftstilskudd	Kr 10 484 007
Anna driftsinntekt	Kr 1 686 173
Sum driftsinntekt	Kr 12 170 180
Driftskostnader	Kr 11 813 101
Driftsresultat	Kr 357 079
Anna renteinntekt	Kr 27 210
Anna rentekostnad	Kr 956 876
Resultat av finanspostar	Kr -928 876
ÅRSRESULTAT	Kr -571 797

Florø, 3. mai 2024.

Siv Førde
Styreleiar

Ninja T. Ness
Nestleiar

Anja Korneliussen
Dagleg leiar

Inger Beth Fosse
Styremedlem

Doris Christensen
Styremedlem

Kristin Orre
Styremedlem (tilsettrepresentant)

8 Dagleg leiар sine betraktingar for 2022 og vegen vidare

Krisesenteret har vore nær fullt fleire gongar i løpet av året, men vi har også i 2023 klart å ta i mot alle som har hatt behov for beskyttelse i regi av Krisesenteret. Valden er ofte grov og situasjonane menneska står i er alvorlege. I lys av den svært triste og nedslåande drapsstatistikken i starten av 2024 vil vi hevde at det i høgste grad er grunn til å være bekymra også i vår region. Det er lite som tyder på at vald i nære relasjoner minkar i omfang. Vi registrerte med glede at Stortinget vedtok endringar i mellom anna straffeloven, frå 8. april 2024, som legger til rette for økt bruk av omvendt valdsalarm. Vi håper dette vil gjere det lettare for menneske som blir utsett for vald og overgrep å oppleve tryggleik, og at ein vil få meir reel beskyttelse av eit kontakt- og besøksforbod.

Om ein ser på [Menon-publikasjon nr 15/2023](#), der dei samfunnsøkonomiske konsekvensane av vald i nære relasjoner er utgreia, på oppdrag for Justis og beredskapsdepartementet, vil ein sjå at det óg er eit enormt samfunnsøkonomisk problem. Rapporten anslår at kostnadane utgjorde 92,7 milliardar kroner for 2021. Målsettinga med å kartlegge desse kostnadane var mellom anna å få betre grunnlag for å utvikle politikk i dette feltet. Resultatet av analysane skulle og brukast i arbeidet med *Opptrappingsplan mot vald og overgrep mot barn og vald i nære relasjoner (2024-2028)* som vart publisert rett før jul i 2023. Kommunane blir heller ikkje i denne planen pålagt å ha kommunale handlingsplanar mot vald i nære relasjoner sjølv om det viser seg at ein stor andel av kommunane ikkje har slike planar. Det er etter vår mening heller ikkje tatt tilstrekkelege grep for å styrke krisesentertilbodet nok, og konkret i opptrappingsplanen, trass enorme personlege og samfunnsøkonomiske kostnader knytt til dette.

Krisesenter har mykje kompetanse og lang erfaring i arbeidet mot vald, og slik vi ser det er det naturleg og samfunnsmessig lønnsamt å jobbe for å styrke vårt tilbod, og saman med andre tenester, i jobben mot dette store og alvorlege samfunnsproblemets som vald i nære relasjoner er.

Målet må være at alle menneske skal ha eit liv utan vald, og rett til å leve eit fritt og godt liv.



9.

Krisesentertilbodet sitt formål

Formålet til Stiftinga Krisesenteret i Sogn og Fjordane er å hjelpe menneske som er utsett for psykisk og fysisk vald samt drive haldningsskapande arbeid og informere om vald i nære relasjoner. Stiftinga har eit humanitært føremål der eit eventuelt driftsoverskot skal gå til føremålet. Krisesenteret i Sogn og Fjordane er medlem av Krisesentersekretariatet, og arbeider ut i frå felles verdigrunnlag og plattform.

Etter «Lov om kommunale krisesentertilbod» skal kommunane sikre eit godt og heilskapleg krisesentertilbod til kvinner, menn og barn som er utsette for vald eller truslar om vald i nære relasjoner. Tilboden skal vere gratis og døgnope og innehalde både telefonteneste, bu- og dagtilbod. Krisesentera skal samarbeide med andre instansar for at valdsutsette skal få naudsynt hjelp til eit liv utan vald, mellom anna med oppfølging i re-estableringsfasa ved behov. Krisesenteret er eit lågterskelttilbod utan krav om timebestilling eller tilvising. Dei som kjem til senteret skal møtast med respekt, likeverd og forståing. Dei tilsette skal gi råd, rettleiing og hjelp til sjølvhjelp på den valdsutsette sine premissar.

Ideologien og verdigrunnlaget er i tråd med internasjonale konvensjonar og handlingsplanar for menneskerettar. Kommunane er pliktige til å syte for at særskilt sårbare grupper også får eit tilrettelagd krisesentertilbod.

Krisesenteret frå oppstart til dagens organisering

Krisesenteret i Sogn og Fjordane vart opna av Krisesenterrørsla i 1985. I 2002 vart Krisesenteret organisert til ei stifting. Krisesentertilboden vart lovfesta i 2010 gjennom Lov om kommunale krisesentertilbod. Kommunane vart ansvarleg for tilboden, og statstilskotet vart frå 2011 gitt som rammetilskot til kommunane, som vart pålagd å fullfinansiere krisesentertilboden. Intensjonen med å lovfeste krisesentertilboden var å sikre eit likeverdig og godt fungerande tilbod til alle valdsutsette i heile landet.

Krisesentera er i dag profesjonelle hjelpeinstansar der vern av valdsutsette er ein viktig del av tilboden.

Tilboden Krisesenteret i Sogn og Fjordane gir er i dag organisert som eit interkommunalt samarbeid etter ein administrativ vertskommunemodell (Kommunelova §28). Kinn kommune er vertskommune, og kjøper krisesenterenestene frå Stiftinga. Samarbeidskommunane kjøper tenestene frå Kinn Kommune. Driftstilskotet til Krisesenteret vert fordelt på kommunane etter folketal og demografi.

Vald i nære relasjoner

Vald i nære relasjoner handlar om å bli utsett for krenkingar, truslar, kontroll og fysisk vald frå nokon ein har ein nær relasjon til. Dette kan være ektefelle, sambuar, kjærast, søsken, foreldre, vaksne barn eller andre ein har tillit til eller er glad i.

- **Fysisk vald** er handlingar som skader deg eller kontrollerer deg, som spark, slag, lugging, biting, kloring, fasthalding, risting, skubbing og kvelartak. Innesperring og isolasjon er også former for fysisk vald.
- **Psykisk vald** er bruk av ord og stemme som truer, skader, krenker eller kontrollerer deg. Å nedvurdere, være likegyldig og å ydmyke andre er også eksempel på psykisk vald.
- **Materiell vald** kan være knusing, øydelegging og kasting av gjenstandar, slag i veggar og dører og liknande. Dersom dette utøvast av ein person som tidlegare har utøvd fysisk vald er dette svært kontrollerande og skremmande handlingar.

- **Seksuell vald** er alle former for seksuelle krenkingar som kjennast audmjukande og kontrollerande og tvinger deg til å gjøre seksuelle handlingar du ikkje ynskjer sjølv. Handlingar som berøring, beføling, slikking, suging, masturbasjon, samleieliknande handlingar, samleie og valdtekst, seksualisert tilsnakk, blotting, fotografering, filming, framvisning av pornografi.
- **Økonomisk vald** er når den eine parten vert nekta å ha kontroll over eigen eller felles økonomi, valdsutøvar kan nekte deg å ha eige minibankkort, ta opp lån i ditt namn og liknande.
- **Latent vald** «ligg i lufta», ein spesiell stemning før eller etter ein valdsepisode. Det kan være redsel og beredskap ein har for nye valdsepisodar.
- **Oppdragarvald** er fysisk og psykisk straff som ein del av oppdragelsen for å endre åtferda til barn og unge.
- **Digital vald** er trusler og trakassering via meldinger, overvåkning og kontroll gjennom sosiale media eller mobiltelefon, stygge meldinger posta på nett, trusler, trakassering og seksuelle overgrep som følgje av kontakt etablert på nett.
- **Strukturell vald** er ein form for vald der sosiale strukturer eller sosiale institusjonar skader menneske gjennom å forhindre at deira grunnleggande behov vert møtt.
- **Negativ sosial kontroll** fråtek eller avgrensar ein person sin grunnleggande rett til å bestemme over eige liv og framtid i samsvar med alder og modenhet.



Vedlegg

VEDTEKTER FOR STIFTINGA KRISEENTERET I SGN OG FJORDANE

§1. Namn

Stiftinga sitt namn er Stiftinga Krisenteret i Sogn og Fjordane.

§2. Grunnleggar

Grunnleggar av stiftinga er Krisenterroslia i Sogn og Fjordane.

§3. Føremål

Stiftinga Krisenteret i Sogn og Fjordane har som føremål:

- Hjelpe menneske som har vore utsette for psykisk og fysisk mishandling.
- Drive haldningsskapande arbeid ved å synleggjere og skape debatt om den private valden.

Krisenteret er ein politisk og religiøs nøytral organisasjon. Tilbodet skal vere eit lågterskelt tilbod som er ope heile døgnet, og dei som tek kontakt skal vere sikra anonymitet. Tilsette på senteret er medmenneske som gir valdsutsette omsorg og tryggleik. Krisenteret er ikkje eit behandlingstilbod.

Stiftinga Krisenteret i Sogn og Fjordane har sluttar seg til Krisenterroslia og plattforma for denne, vedteken på Landskonferansen i Tromsø i 1982.

Krisenteret representerer eit tilbod der den valdsutsette sjølv deltek aktivt i arbeidet saman med tilsette.

Krisenteret sitt tilbod:

- Tryggleik, vern og hjelp av medmenneske som har tid til å lytte.
- Ein stad der ein får tid til å tenke over problema og få ting på avstand.
- Samtalar og informasjon om tilbod innanfor det offentlege og private hjelpeapparatet, og hjelp til å ta kontakt med desse.
- Mellombels butilbod i ein krisesituasjon.

- Ivareta barna som kjem til senteret.
- Oppfølging av dagbrukarar.
- Oppfølging i re-estableringsfasa.
- Telefonvakt /råd/rettleiing på telefon.

§4. Grunnkapital

Stiftinga sin grunnkapital er verdi av eigedom, kr. 1 800 000.- og innbetalt kapital på konto til stiftinga kr. 200 000.- til saman kr. 2 000 000.-

§5. Drift

Stiftinga sitt overskot skal brukast i samsvar med føremålet for stiftinga jf. §3. Styret skal kontrollere den økonomiske drifta, for å unngå underskot.

Stiftinga svarar for sitt økonomiske ansvar og formue.

§6. Styre

Stiftinga skal leiest av eit styre på minimum 5, maksimum 7 medlemmar. Styret skal bestå av representantar frå ulike sektorar i samfunnet. Krisenterroslia i Sogn og Fjordane har rett til å vere representerte med 1 styremedlem når styret har 5 medlemmar, og 2 medlemmar når styret har 7 medlemmar. Det skal veljast 2 varamedlemmer der den eine er frå Krisenterroslia.

Medlemmene i styret vert valde for 2 år av gongen. Styret vel sjølv leiar, nestleiar og eventuelt medlemmar til andre verv. Leiar og nestleiar vert valde for 1 år om gongen og kan attveljast.

Styret oppnemner ei valnemnd, ref. §7, 2, som fremjar forslag til nye styremedlemmar.

Styret sender skriftleg melding til valnemnda seinast 2 månader før det endelege valet.

Styret gjer det endelege valet innan mars etter framlegg frå valnemnda

For å sikre kontinuitet vel ein på ein slik måte at ikkje meir enn halve styret vert skifta ut om gongen.

§7. Valnemnd

Valnemnda som styret oppnemner skal bestå av 3 personar. Krisesenterrørsla har rett til å vere representert med eit medlem. Valnemnda vert vald for 1 år om gongen.

§8. Styremøte

Leiar for styret kallar inn til styremøte og leier møta. Det vert innkalla til styremøte når dagleg drift tilseier det, eller når minst ein tredjedel av medlemanne ber om det. Styret er vedtaksført når meir enn halvparten av medlemanne er til stades.

Det vert ført protokoll frå styremøta og medlemanne skriv under protokollen. Vedtak i styret vert fatta ved alminneleg fleirtal. Ved lik røyst har leiar i styret dobbelrøyst.

Innkalling og referat skal sendast styret og vararepresentantar.

§9. Dagleg leiar

Stiftinga Krisesenteret i Sogn og Fjordane skal ha ein dagleg leiar som er tilsett av styret. Dagleg leiar står for den daglege leiinga av stiftinga si verksemd, og skal følgje dei retningslinjer og pålegg som vert gitt av styret. Den daglege leiinga omfattar ikkje saker som er av uvanleg art eller er viktige for stiftinga.

Dagleg leiar skal syte for at stiftinga sine rekneskap er i samsvar med lov og forskrifter og at formueforvaltninga er ordna på ein forsvarleg måte.

§10. Omdanningskompetanse

Styret har kompetanse til å endre vedtekter og til å vedta oppheving. Vedtak om endring av vedtekter, oppløysing og andre vesentlege endringar krev 2/3 fleirtal. Slike vedtak kan berre fattast dersom 2/3 av styremedlemanne er til stades. Oppløysing av stiftinga krev 2/3 fleirtal i to påfølgjande styremøte.

Vedtak i Styret skal godkjennast av Stiftingstilsynet.

Elles vert det vist til gjeldande stiftingslov.



Resultatregnskap

– stiftinga Krisesenteret i Sogn og Fjordane

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2023	2022
Driftstilskudd		10 484 007	9 965 784
Annen driftsinntekt	1	1 686 173	1 316 650
Sum driftsinntekter		12 170 180	11 282 434

Lønnskostnad	2	8 849 951	7 244 196
Avskrivning av driftsmidler og immaterielle eiendeler	3	574 000	625 300
Annen driftskostnad	2, 3	2 389 150	2 128 332
Sum driftskostnader		11 813 101	9 997 828

DRIFTSRESULTAT		357 079	1 284 606
-----------------------	--	----------------	------------------

Finansinntekter og finanskostnader			
Annen renteinntekt		27 210	8 779
Annen rentekostnad		956 086	579 965
Annen finanskostnad		0	0
Resultat av finansposter		-928 876	-571 186

Resultat		-571 797	713 420
ÅRSRESULTAT		- 571 797	713 420

Overføringer			
Avsatt til annen egenkapital		0	713 420
Sum overføringer		-571 797	713 420

Balanse

– stiftinga Krisesenteret i Sogn og Fjordane

Eiendeler • Anleggsmidler • Varige driftsmidler	Note	2023	2022
Tomter, bygninger o.a. fast eiendom	3, 4	34 704 991	35 165 991
Driftsløsøre, inventar o.a. utstyr	3, 4	215 700	328 700
Sum varige driftsmidler		34 920 691	35 494 691
Sum anleggsmidler		34 920 691	35 494 691
Omløpsmidler			
Fordringer			
Kundefordringer		0	13 505
Andre kortsiktige fordringer		37 232	30 748
Sum fordringer		37 232	44 253
Bankinskudd, kontanter o.l.		2 246 705	3 062 894
Sum omløpsmidler		2 283 937	3 107 146
Sum eiendeler		37 204 628	38 601 837

Florø, 3. mai 2024

Styret i stiftinga Krisesenteret i Sogn og Fjordane

Siv Førde
Styreleiar

Ninja Tolo Ness
Nestleiar

Anja Korneliussen
Dagleg leiar

Inger Beth Fosse
Styremedlem

Doris Christensen
Styremedlem

Kristin Orre
Styremedlem (tilsettrepresentant)

Egenkapital og gjeld • Innskutt egenkapital	Note	2023	2022
Grunnkapital		1 800 000	1 800 000
Sum innskutt egenkapital		1 800 000	1 800 000
Oppjent egenkapital			
Annen egenkapital	3	4 444 586	5 016 382
Sum oppjent egenkapital		4 444 586	5 016 382
Sum egenkapital		4 444 586	5 016 382
Gjeld • Annen langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjoner	3, 4, 5	28 995 807	29 731 114
Sum annen langsiktig gjeld		28 995 807	29 731 114
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		152 642	224 576
Skattetrekk og andre trekk		574 449	419 056
Annен kortsiktig gjeld		1 237 144	1 410 709
Sum kortsiktig gjeld		1 964 235	2 054 341
Sum gjeld		30 960 042	31 785 455
Sum egenkapital og gjeld		37 204 628	38 601 837

Noter til årsregnskapet 2023

Regnksapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnksapsloven. Det er utarbeidet etter norske regnksapsstandarder.

Driftsinntekter og kostnader

Inntektsføring skjer etter opptjeningsprinsippet som normalt vil være leveringstidspunktet for varer og tjenester. Kostnader medtas etter sammenstillingsprinsippet, dvs. at kostnader medtas i samme periode som tilhørende inntektsføres.

Hovedregel for vurdering og klassifisering av eiendeler og gjeld

Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk er klassifisert som anleggsmidler. Andre eiendeler er klassifisert som omløpsmidler. Fordringer som skal tilbakebetales innen et år er uansett klassifisert som omløpsmidler. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er analoge kriterier lagt til grunn.

Anleggsmidler omfatter eiendeler bestemt til varig eie og bruk. Anleggsmidler er vurdert til anskaffelseskost. Varige driftsmidler balanseføres og avskrives over driftsmidlets økonomiske levetid. Det blir foretatt kontinuerlig vedlikehold av eiendommene.

Langsiktig gjeld balanseføres til nominelt mottatt beløp på etableringstidspunktet. Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt mottatt beløp på etableringstidspunktet.

Fordringer

Kundefordringer og andre fordringer oppføres til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av en individuell vurdering av de enkelte fordringene.

Skatt

Stiftelsen er ikke skattepliktig.

Fortsatt drift

I samsvar med regnksapslovens §3 bekreftes det at forutsetningen om fortsatt drift er til stede og denne forutsetningen er lagt til grunn ved utarbeidelsen av regnkskapet.

Note 1 – Offentlig tilskudd og andre yteler

Stiftelsen har mottatt kr. 71 000,- i tilskudd for spesifikke tiltak/grupper ved senteret. I tillegg til dette så har Stiftelsen mottatt kr. 204 281,- i tilskuddsmidler for juridisk bistand fra Statens Sivilrettsforvaltning. Tilskuddet skal legge til rette for kostnadseffektive rettshjelpstilskudd rettet mot særlige grupper og mennesker i en spesielt vanskelig situasjon, som opplever at terskelen for å søke juridisk bistand er høy, og som har lav inntekt. Tilskuddene er periodisert og resultatført mot prosjektenes kostnader.

Stiftelsen har også i 2023 mottatt gaver fra privatpersoner og organisasjoner for tilsammen kr. 206 576,-. Gavene er periodisert og resultatført mot kostnader for tiltak rettet mot brukere og til ofte bestemte formål satt av givere. Kr. 206 576,- av midlene er benyttet i driftsåret 2023.

Note 2 – Lønnskostnader, antall ansatte, godtgjørelser, lån til ansatte m.m.

Lønnskostnader	2023	2022
Lønninger	6 262 261	5 539 483
Arbeidsgiveravgift	828 104	676 677
Pensjonskostnader	1 482 831	777 824
Andre yteler	276 755	250 212
Sum	8 849 951	7 244 196

Gjennomsnittlig antall årsverk: 12

Betalt pensjonspremie i KLP i år 2023 er kr. 1 454 710,-. Stiftelsen har ikke pensjonsforpliktelser ut over kostnadsførte pensjonskostnader i regnskapet.

Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar for 2023 utgjør kr. 47 500,-.

Note 3 – Anleggsmidler

	Bygninger	Driftsløsøre, inventar o.l.	Tomter
Anskaffelseskost pr. 01.01.23	12 972 764	1 018 040	2 141 991
= Anskaffelseskost 31.12.23	12 972 764	1 018 040	2 141 991
Akkumulerte avskrivninger 31.12.23	2 030 764	802 340	180 000
= Bokført verdi 31.12.23	10 942 000	215 700	1 961 991
Årets ordinære avskrivninger	250 000	113 000	
Økonomisk levetid	40 år	5-6 år	

		Leilighetsbygg	Sum
Anskaffelseskost pr. 01.01.23		22 554 457	38 637 251
= Anskaffelseskost 31.12.23		22 554 457	38 687 251
Akkumulerte avskrivninger 31.12.23		753 457	3 766 560
= Bokført verdi 31.12.23		21 801 000	34 920 691
Årets ordinære avskrivninger		211 000	574 000
Økonomisk levetid		50 år	

Leilighetsbygget er anskaffelseskosten pr. 31.12.2019 for overgangsboliger for vanskeligstilte som er i målgruppa til stiftelsen. Prosjekteringsarbeidet startet i 2017 og bygging ble ferdigstilt i år 2019. Bygget er lånefinansiert gjennom Husbanken og Sparebanken Sogn og Fjordane.

Driftskostnadene for ferdigstilt bygg skal dekkes gjennom husleieinntekter. Overgangsboligene er stiftelsen sitt prosjekt. Driften av utleiebygget er utenfor stiftelsen Krisesenteret sin leveranse til kommunane. Det føres eget avdelingsregnskap for krisesenterleveransen til kommunen og ett for drift av utleiebygget. Eventuelle overskudd av utleiebygget skal gå til Stiftelsen sitt formål.

Note 4 – Pantstillelser og garantier m.v.

Gjeld som er sikret ved pant o.l.	
Gjeld til kreditinstitusjoner	28 995 807
Sum	28 995 807
Balanseført verdi av eiendeler pantsatt for egen gjeld	34 920 691

Note 5 – Langsiktig gjeld

Gjeld som forfaller mer enn fem år etter regnskapsårets slutt	2023	2022
Gjeld til kreditinstitusjoner	21 980 000	22 715 000
Sum	21 980 000	22 715 000

VESTLAND REVISJON

Kommunale Oppgåvefellesskap

Forretningsadresse: Førde, Sunnfjord Rådhus, Hafstadvegen 42, 6800 Førde
Postadresse: Postboks 487, 6803 Førde - Org.nr. 923 249 478 MVA
E-post: postmottak@vestrev.no
www.vestlandrevisjon.no

Bankkonto 3705 40 64838
Dagleg leiar **Asgeir Tveit**
Mobilnr. 908 74 388
E-post: asgeir.tveit@vestrev.no

Stiftinga Krisesenteret i Sogn og Fjordane

Dykkar ref.: Vår ref.: Arkivkode: Journalnr.: Dokumentdato:
232/2024 15.05.2024

MELDING FRÅ REVISOR

Utsegn om årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for stiftinga som syner eit underskot på kr 571 797. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2023, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoен og notar til årsrekneskapen, irekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår mening:

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvisande bilet av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2023, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisionsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er skildra under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av stiftinga i samsvar med krava i relevante lover og forskrifter i Noreg, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår vurdering er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gjev eit rettvisande bilet i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ein finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidning av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til halde fram drifta og opplyse om forhold av betydning for å halde fram drifta. Føresetnaden om å halde fram drifta skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser, kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar, basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift, god revisjonsskikk i Noreg og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjøn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifierer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, anten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkelege og formålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn risikoen for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebære samarbeid, forfalsking, bevisste utelatningar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vi vurderer om rekneskapsprinsippa tilhøyrande noteopplysninga som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av fortsatt drift-føresetnaden i årsrekneskapen er føremålstenleg og om det er vesentleg usikkerheit knytta til hendingar eller forhold som kan skape tvil av betydning om selskapet si evne til fortsatt drift. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg usikkerheit, krev det at vi i revisjonsmeldinga har merksemd på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningane ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer vår konklusjon. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller forhold kan likevel medføre at selskapet ikkje held fram drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggende transaksjonane og hendingane på ein måte som gir ei dekkande framstilling.

Vi kommuniserer med styret, mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekk i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om forvalting

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at stiftinga er forvalta i samsvar med lov, føremålet til stiftinga og vedtektena elles.

Førde, 15. mai 2024

Bjarte Urnes
Statsautorisert revisor

VESTLAND REVISJON

Kommunale Oppgåvefellesskap



DØGNVAKT

Tlf. 57 74 36 00



Krisesenteret
i Sogn og Fjordane

www.krisesenteret.sfon.no